



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Teknisk utval	09.12.2019	020/19
Giske kommunestyre	12.12.2019	123/19

Detaljregulering gnr 3 bnr 19 Vigra næringspark nord

Innstilling:

Giske kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av pbl § 12-12, framlegg til detaljplan for gnr 3 bnr 19 Vigra næringspark nord, plankart datert 04.11.2019 og føresegner rev. 21.11.2019.

12.12.2019 Giske kommunestyre

Knut Egil Nordstrand reiste spørsmål om habilitet. Han vart samrøystes kjend ugild. 22 voterande.

Tilrådinga frå teknisk utval vart samrøystes godkjend.

K- 123/19 Vedtak:

Giske kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av pbl § 12-12, framlegg til detaljplan for gnr 3 bnr 19 Vigra næringspark nord, plankart datert 04.11.2019 og føresegner rev. 21.11.2019.

09.12.2019 Teknisk utval

Knut Egil Nordstrand reiste spørsmål om habilitet. Han vart kjend inhabil. 6 voterande.

Tilrådinga vart samrøystes tilrådd.

TU- 020/19 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre eigengodkjenner, i medhald av pbl § 12-12, framlegg til detaljplan for gnr 3 bnr 19 Vigra næringspark nord, plankart datert 04.11.2019 og føresegner rev. 21.11.2019.

Vedlegg:

1532-2018006 Detaljplan Vigra næringspark nord - føresegner_2019.11.21
Detaljplan Vigra næringspark nord - notat etter offentleg ettersyn_2019.11.22
1532-2018006 Detaljplan Vigra næringspark nord - føresegner_2019.11.21_gule endringar
Detaljregulering gnr 3 bnr 19 Vigra næringspark nord
Detaljregulering Vigra næringspark nord - offentleg ettersyn
Detaljregulering Vigra næringspark nord - fastsetjing av planprogram
Detaljregulering Vigra næringspark, gnr 3 bnr 19 - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram
Detaljregulering Vigra næringspark nord - Trekking av motsegn
Illustrasjon arealfordeling_2019.11.04
Gnr 3 bnr 190 Detaljplan Vigra næringspark nord -avklaring motsegn Statens vegvesen
Gnr 3 bnr 190 Detaljplan Vigra næringspark nord - avklaring motsegn Statens vegvesen
1532-2018006 Detaljplan Vigra næringspark nord - plankart_2019.11.04
Gnr 3 bnr 190 Detaljregulering Vigra næringspark nord - anmodning omtrekking av innsigelse

Saksutgreiing:

Oppsummering

- Oppstartsmøte med kommunen den 16.04.2019
- Vedtak i KMT den 18.10.2018, KMT – 060/18: *I medhald av plan- og bygningslova § 4-1, 12-8 og 12-9 vedtek komite for miljø og tekniske saker at det kan bli starta opp regulering av Vigra næringspark nord med framlegg til plangrense som synt på kart datert 06.07.2018., og at utkast til planprogram for reguleringsforslaget vert lagt ut på høyring.*
- Giske kommunestyre den 14.02.2019. K-004/19:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 fastset Giske kommunestyre vedlagte forslag til planprogram for Vigra næringspark nord, datert 17.12.2018. Saksutgreiinga med rådmannens vurderingar blir lagt til grunn i det vidare

arbeidet med konsekvensutgreiing og reguleringsplan.

- *Vedtak i KMT den 09.05.2019, KMT- 040/19: Komite for miljø- og tekniske saker vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 å leggje forslag til detaljregulering for Vigra næringspark nord, med framlegg til konsekvensutgreiing, saksdokument datert 20.03.2019, ut til offentleg ettersyn.*
- Saka vart sendt til offentleg ettersyn med merknadsfrist 08.07.2019

Heimelsgrunnlaget

Plan- og bygningslova kap. 12

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende.

Vurdering:

Merknader

Norges Handikapforbund Giske

Viser til føresegnene pkt. 2. Fellesføresegner for heile planområdet, Funksjons- og kvalitetskrav.

Under universell utforming forutset NHF Giske at punktet blir utdjupa med; universell utforming også for potensielt framtidige arbeidsplassar.

Føresegnene pkt. 3. Føresegner om arealmål, underpunkt 3.1, 3. kulepunkt Parkering;

Her er det ikkje spesifikt nevnt at det skal avsettast antal HC-parkering i gjeldande mål.

NHF Giske forutset at det i planen blir tatt med naudsynt antal slike parkeringsplassar

Vår vurdering

Vi er einig i merknadane og vil tilføye i føresegnene.

2. Fellesføresegner for heile planområdet, Funksjons- og kvalitetskrav (§12-7 nr. 4)

· Universell utforming

Krav om universell utforming av publikumsområde og arbeidsbygningar, i samsvar med TEK17 § 12-1.

3. Føresegner om arealmål, underpunkt 3.1, 3. kulepunkt Parkering (§ 12-7 nr.7)

- Krav til oppstillingsplassar for bilar

· *Krav til 1 oppstillingsplass for HC per 400 m² BRA kontorareal*

Folkehelsekoordinator

Positivt med næringsverksemd som tilfører nye arbeidsplassar i kommunen, men reagerer på at nokre av målsetningane er motstridande til andre planar som er under utvikling;

Det blir opna for meir betalingsparkering, intil 50% av BKBvi 3, det vil auke biltrafikken enda meir og det igjen er uheldig for tunnelane. Stiller spørsmål om korleis auke i parkeringsareal og biltrafikken relaterer seg til målet om vesentleg reduserte klimautslepp frå vegtrafikk og slitasje på vegnettet ut til flyplassen.

Å opne for meir biltrafikk mot flyplassen er motstridande til målet om å auke kollektivtrafikken og å redusere utsleppet frå vegtrafikk. 500 – 600 nye billege parkeringsplasser vil medføre at det blir attraktivt å køyre bil og parkere der.

Det må vere sikre og oversiktlege haldeplassar for dei som vel å ta bussen.

Det er høge støynivå i planområdet pga. flytrafikk og tungtrafikk. Der er viktig at pauserom/arbeidsrom/og eventuelle oppholdsplassar ute blir lagt mest mogeleg skjerma og med gode støyskjermande tiltak. For bustadane til planområdet og flyplassen er det viktig å vurdere fleire støyskjermande tiltak for å skjerme ytterligare.

Vår vurdering

Tatt til orientring.

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE

Kommunen har ikkje bede om hjelp frå NVE i denne saka og derfor gir heller ikkje NVE konkret fråsegn i saka.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen hadde tre motsegner til planforslaget ved offentlig ettersyn:

- På planfagleg grunnlag med bakgrunn i manglande avklaring av arealbruk, jamfør rettleiaren til reguleringsplanar, punkt 4.1.
- Med bakgrunn i Regional delplan for attraktive byar og tettstadar der målet er å styrke eksisterande by- og tettstadsenter, fremme effektiv arealbruk og legge til rette for miljø- og helsefremmande transportval.
- På planfagleg grunnlag, jamfør Forskrift om konsekvensutgreiing.

I brev datert 09.09.2019 ovsendte kommunen reviderte plandokument og bad om at motsegna blei trekt.

I brev datert 10.10.2019 skriv Møre og Romsdal fylkeskommune: *Vi meiner framleis at framlegget til plan i større grad kunne ha styrt arealbruken betre ved Vigma næringspark. Etter ei samla vurdering trekkjer vi likevel motsegna.*

Vår vurdering

Tatt til orientering.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har samordningsansvar for statlege motsegner til planar etter plan- og

bygningslova. Til denne planen har Statens vegvesen motsegn til redusert byggjegrænse mot riksveg 658 og føresegn §2 om kva tiltak byggjegrænsa gjeld for. Statens vegvesen har vidare merknad til føresegnar til næringsføremålet som manglar presisering og til at konsekvensane reguleringsplanen gir heimel for manglar utgreiing.

Fylkesmannen er kritisk til at reguleringsplanframlegget ikkje fastset føreseielege rammer for utvikling i planområdet, med særleg fokus på avgrensing av handelsverksemd. Fylkesmannen meiner vidare at framtidig handelsaktivitet og sal av plasskrevjande varer ikkje er tilstrekkeleg avklart i høve gjeldande føringar for arealbruk.

Statens vegvesen viser til reviderte planforslag, vårt brev datert 07.10.2019, og med bakgrunn i dette trekkjer dei innsigelsen til reguleringsplanen.

Fylkesmannen viser til at endringane som går fram av reviderte plandokument gir noko meir innhald til planen, men det er fylkesmannen si oppfatning at planen kunne og burde vore nytta meir aktivt til fastsetting av føreseielege rammer for utvikling.

Vår vurdering

Tatt til orientering.

Mørenett

Ber om å bli kontakta når behovet for effekt er kartlagt slik at planlegging av eventuelt nye nettstasjonar for området kan starte. Vedlagt kart viser Mørenett sine høgspenkablar og to nettstasjonar i området. Mørenett gjer merksam på at spenningsnivået for leidningsanlegga ikkje må påførast i planen, herunder plankartet. Kraftleidningar skal på kart ha ei einheitleg utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske skilnader. Parallelle leidningar som går i samme trasé, skal teiknast som éi leidning. Høgspenningskablar under bakken skal ikkje teiknast inn på kartet. Vi viser i denne samanheng til; *Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen, pkt 6.2.5.*

Vår vurdering

Omsyna er tatt til følgje i plandokumenta og elles tatt til orientering.

Samla vurdering/konklusjon

Etter ny revisjon av plandokumenta har både Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune trekt motsegnene til planforslaget.

Norges Handikapforbund Giske har fått sine merknader om handikapparkering lagt inn i føresegnene.

Folkehelsekoordinatoren peikar i sitt merknadsbrev på aktuelle og viktige problemstillingar i tida, der planforslaget legg opp til enda meir betalingsparkeringsplassar (500-600 nye) samtidig som nasjonal politikk seier at klimautsleppa frå biltrafikk skal ned mellom anna ved at det skal satsast på kollektivtransport, og her er eit velfungerande flybusstilbod viktig. Auken i personbiltrafikken er og ein kritisk faktor for tunnelane.

Samstundes er det slik at planforslaget i følgje gjeldande kommuneplan (14.06.2018) har føresegner og retningsliner som opnar opp for betalingsparkering for inntil 50 % av næringsarealet på BKBvi_3.

Rådmannen tilrår at kommunestyret eigengodkjenner planforslaget.